



Arkivnr: 2018/301-6
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Sertifikatlån 345 mill. kr - rulleringsavtale

Samandrag

Eit sertifikatlån på 345 mill. kr har forfall 30.07.2018.

I ein treårs-periode har ein hatt avtale med DNB om at banken fornyar lånet ved kvart forfall. Denne «rulleringsavtalen» går ut ved dette forfallet. Fylkesrådmannen vil inngå tilsvarande avtale for ein ny treårs-periode.

Vedtak

Det vert inngått avtale med DNB om rullering av eit 3-månaders sertifikatlån på 345 mill. kr over ein periode på 3 år.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
konst. fylkesrådmann

Nils Vetlesand
konst fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.06.2018

Eit sertifikatlån på 345 mill. kr har forfall 30.07.2018.

I ein treårs-periode har ein hatt avtale med DNB om at banken fornyar lånet ved kvart forfall. Denne «rulleringsavtalen» går ut ved dette forfallet. Ein har fått spørsmål frå banken om ein ønskjer å inngå tilsvarande avtale for ein ny treårs-periode.

Vurdering

Fylkeskommunen sine lånebehov er langsiktige. Når ein tek opp lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden, er det normalt slik at ein betaler høgare rente (kredittmargin) dess lenger løpetid låna har. For å redusere renteutgiftene kan det vere gunstig å ha ein del av låneporteføljen som kortsiktige lån. Risikoen ved dette er at det i ein gitt situasjon kan vere vanskeleg å få refinansiert låna ved forfall. I tillegg blir det noko meirarbeid om ein har mange lån som skal refinansierast ofte. Her må det gjerast ei avveging mellom ulike omsyn.

Lågast mogleg rente sikrar ein ved å gjennomføre anbodsrunder ved kvar refinansiering.

Fordelane fylkeskommunen oppnår med ein rulleringsavtale er at ein reduserer refinansieringsrisikoen noko, og sparer arbeid. Det krevst ikkje så stor arbeidsinnsats for å refinansiere eit sertifikatlån. Det går meir på å følgje med på kvart låneforfall og sikre at nokon er til stades som kan ta imot lånetilbod og underteikne lånedokument.

Om ein gjer bruk av 3-månaders sertifikatlån, har kvart lån forfall 4 gonger i året. Det skal ikkje meir enn 3 lån til, før ein har eitt forfall kvar månad. Men så kan det vere visse periodar ein ikkje ønskjer å ha lån som forfell, t.d. i sommarferien. Dermed kan ein lett få 2-3 forfall same månaden.

Konklusjon

Ved å inngå rulleringsavtale med banken må ein rekne med å få ei rente som ligg nokre basispunkt høgare enn om ein hadde gjennomført anbod ved kvar refinansiering. Men om bruk av rulleringsavtalar gjer at ein er komfortabel med å ha noko høgare del av låneporteføljen som kortsiktige lån, kan ein totalt sett kome gunstig ut.

Fylkesrådmannen går inn for å inngå ny avtale med DNB om rulling av 3-månaders sertifikatlån på 345 mill. kr over ein periode på 3 år. Det aktuelle lånet har eitt av forfalla den 30. juli. Det er eit tidspunkt då det er praktisk at banken ordnar med fornying av lånet.